x) Vedlegg til rev.rapport 17/1-14

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Innvandrarsenter KF, v/dagleg leiar
Flora Hamn KF, v/dagleg leiar
Flora Kjøkkenservice KF, v/dagleg leiar
Havhesten Flora kommune KF, v/dagleg leiar
Flora kommune, v/Rådmannen

| *Dykkar ref.:* | *Vår ref.:* | *Arkivkode:* | *Journalnr.:* | *Dokumentdato:* |
|---|---|---|---|---|
| *Rekneskap2013* | *//godtgjering/honorar13* | *083* | *102 / 2013* | *13. nov. 2013* |

**PRAKTISERING AV FLORA KOMMUNE SITT GODTGJERDSLEREGULATIV**

Det vert vist til Flora Bystyre sitt vedtak i sak 103/2012, den 12. juni 2012, der bystyret vedtok eit nytt «*Godtgjerdsleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune*» gjeldande frå 01.05.2012.

Pkt. 1.1 i vedtektene (godtgjerdsleregulativet) regulerer kven regulativet gjeld for. Vi konstaterer at både kommunen og dei kommunale føretaka er omfatta av dette. I punkt 1.2 heiter det at «*tvil om tolking av reglementet vert å legge fram for formannskapet for endeleg avgjerd.*»

Gjennom det løpande revisjonsarbeidet kring løn og oppgåvepliktige godtgjeringar har revisjonen konstatert at det tidvis vert utvist ulik praksis i høve godtgjering til styreleiar/utvalsleiar for det som gjeld kva den årlege faste godtgjerdsla skal dekke og kva/korleis dekning av legitimert sats for tapt arbeidsinntekt og møtegodtgjerdsle elles vert praktisert frå kommunen/føretaket si side.

I punkt 2.4 i regulativet heiter det at leiargodtgjerdsla skal dekke alle møter i utvalet i året, og i siste setning under dette punktet tok Bystyret inn følgjande ordlyd: «*Godtgjerdsla skal utgjere 3 % av den årlege basisgodtgjerdsla for stortingsrepresentantane og skal også dekke leiing/ deltaking i faste utval som naturleg ligg under faste hovudutval. Som ADMU og Utbyggingsuvalet*». Slik revisjonen forstår reglementet er også styreleiar i kommunalt føretak omfatta av denne bestemmelsen. Vår oppfatning er at utvalsleiarar ikkje skal ha møtegodtgjerdsle for kvart møte, utover det som ligg i den faste årlege godtgjerdsla som utvals-/styreleiar.

Når det gjeld dekning av tapt arbeidsinntekt, er dette regulert i regulativet, pkt. 4. Satsane er her inntil kr. 4.600,- for kvar møtedag, legitimert sats, og inntil kr. 1.200,- for kvar møtedag, ulegitimert sats. Det heiter også at «*dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gjeve etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alla høve ein føresetnad at det*

*ligg føre eit økonomisk tap.»* Ut frå praksis er det grunn til å stille spørsmål her om kva som er tilfredsstillande dokumentasjon på inntektstap ?

I pkt. 4.5 heiter det at *«for å få fullt vederlag krevst at fråværet har vara i minst 7 timar mellom kl. 0800 og kl. 1600. For kortare fråver vert vederlaget utrekna høvesvis etter timetalet avrunda oppover til næraste heile time. Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det foreligg eit faktisk inntektstap.»*

*«For bystyremøter og andre møter med start kl. 16.00 og seinare vert det ikkje betalt for tapt arbeidsinntekt med mindre det kan dokumenterast.»*

I pkt. 4.6, andre og tredje setning, heiter det: *«Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med normal timesats for den næringsdrivande si forretningsverksemd multiplisert med antal timar fråværet har vart. Næringsdrivande som driv verksemd basert på timebestilling har rett på dekning for det antal timar som møtet vert rekna å ville vare, sjølv om møtet faktisk varer i kortare tid.»*

Siste setning i pkt 4.6 lyder slik: *«Krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt skal sendast den som representerer rådmannen i utvalet innan 3 mndr etter at møtet er halde.»*

Etter vår oppfatning er det ikkje tilfredsstillande at det vert godtgjort full legitimert sats, sjølv om det ikkje ligg føre ein dokumentasjon på inntektstapet, og møtet ikkje har ei varigheit på 7 timar (som regulativet stiller krav om).

Vi stiller også spørsmål om praksisen skal aksepterast å vere slik at den som leverer inn krav om dekning av tapt arbeidsinntekt eller sender inn reiserekningar seinare enn 3 månader etter at møtet er halde, skal få honorert desse fullt ut; jfr. siste setning punkt 4.6 og nest siste setning punkt 5.1. I tilfelle bør ein vurdere å ta ut den '*foreldelsesbestemmelsen*' som er i regualtivet.

Vi tør be om at leiinga i dei kommunale føretaka og rådmannen, kvar for seg, med visning til gjeldande reglar i Flora kommune og føretaka, ser på den praksis som er for følgjande:

- korleis ein praktiserer utbetaling av fast styreleiargodtgjerdsle og møtegodtgjerdsle for kvart møte
- korleis dekning av legitimert sats for tapt arbeidsinntekt skjer
- korleis seint innleverte reiserekningar/krav om tapt arbeids-inntekt blir praktisert

Det vedtekne regulativet ligg ved slik det er vedteke av Flora Bystyre, sak 103/12, den 12.06.12.

Vi tør be om ei tilbakemelding på korleis ein vurderer praksisen frå det einskilde føretaket, og kommunen, for det som er teke opp ovanfor, og vonar De kan gje oss eit svar innan 02.12.13.

Florø, 13. november 2013
Med helsing
Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord
Terje Førde
Dagleg leiar/revisjonssjef
KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Vedlegg: Godtgjerdsleregualtiv for ombods- og tillitsvaldet i Flora kommune

FLORA
KOMMUNE

FLORA HAMN KF

KRYSS-REVISJON
2/12-13
1/10/2013
082
140/4.7.
Off.:
Reg.nr.:

Kryss Revisjon
Postboks 487

6802 FØRDE

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 13/2200-2/K1-//ERSV | //godtgjering/honorar 13 | Florø: 27.11.2013 |

# PRAKTISERING AV FLORA KOMMUNE SITT GODTGJERDSLEREGULATIV I FLORA HAMN KF

Viser til brev av13.november 2013 der de ber leiinga i føretaket sjå på den praksis som er for følgjande:

- Korleis ein praktiserer utbetaling av fast styreleiargodtgjerdsle og møtegodtgjerdsle for kvart møte
- Korleis dekning av legitimert sats for tapt arbeidsinntekt skjer
- Korleis seint innlevert reiserekningar/krav om tapt arbeids-intekter blir praktisert

Flora hamn KF utbetaler fast styreleiargodtgjersle og møtegodtgjersle til medlemmane i hamnestyret i samsvar med "godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune".
Styreleiar får utbetalt eit fast årleg beløp som er sett av bystyret i Flora kommune.
For styremedlemmene i styret vert det utbetalt møtegodtgjersle på kr.751,-. Godtgjersla vert utbetalt for kvar møtedag. Utbetalinga skjer samla ved årets slutt.
Dei tilsette sin representant får utbetalt tilsvarande møtegodtgjersle dersom møta vert haldne utanom vedkommande si arbeidstid i Flora hamn KF.

Dekning av legitimert sats for tapt arbeidsinntekt vert utbetalt når møter skjer mellom kl. 0800 og kl. 1600 og etter innlevert timeliste. Det må ligge føre bekreftelse frå arbeidsgjevar at løn ikkje vert utbetalt frå denne.
Det er i dag kunn styreleiar i selskapet som krev tapt arbeidsforteneste etter eigne timelister.
Se vedlegg 1
Bekreftelse frå arbeidsgjevar sjå vedlegg 2.

Alle i styret i Flora hamn KF har sendt inn reiseregninger ved reiser innafor 3 mndr. etter at reisa har funne sted.

Med helsing

Erik Svendsen
Hamnesjef

| | |
|---|---|
| Vedlegg 1: | Skjema "tapt arbeidsforteneste og reiserekning for folkevalde og ombod" |
| Vedlegg 2: | Bekreftelse |

| Postadr.: | Besøksadr: | Telefon / faks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Boks 17<br>6901 FLORØ | FugleskjærskaiaFuglesk jærskaia | 5775674057756740 /<br>5774091657740916 | 3775 07 09002 | postmottak@flora.kommune.no<br>Org.nr: 974761521 MVA |

## Førde Terje

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Førde Terje |
| **Sendt:** | 14. november 2013 14:01 |
| **Til:** | 'erik.svendsen@flora.kommune.no' |
| **Kopi:** | Trine Vokuhl |
| **Emne:** | PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a |
| **Vedlegg:** | Godtgjedslereglement Flora 010512.pdf; Brev131113 Praktisering av godtgjerdsleregulativet i Flora Hamn KF.pdf |

***Att: Flora Hamn KF, v/konst. Hamnesjef Erik Svendsen.***

Hei.

Vi har valgt å sende ut eit eige skriv kring praktiseringa av godtgjerdsleregulativet i Flora; jfr. det vedtekne godtgjerdsleregulativet som blei vedteke av Flora Bystyre i møte den 12.06.2012, sak 103/2012.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, 13.11.13, som tek opp i seg *eit par spørsmål kring den praksis som for einskilde* ser ut til å vere etablert når det gjeld *møtegodtgjerdsle, fast utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsle* og *dekning av legitimert sats for tapt arbeidsforteneste*. Vi har valgt å tilskrive både Flora kommune, ved Rådmannen, samt alle kommunale føretak innafor Flora kommune, ved dagleg leiar i føretaket, der vi på generell basis ber om svar på dei same spørsmåla. Vi tør be om at kvar einskild må gå inn i eiga verksemd å sjå nærmare etter korleis praksis er/har vore, og gje oss ei tilbakemelding på dette.

Det er vår oppfatning at dekning av tapt arbeidsforteneste etter legitimert sats, i einskilde høve, ikkje stettar krava som er stilt i reglementet til dokumentert inntektstap,for at legitimert sats skal kunne honorerast. Vi har også stilt spørsmål kring kva kommunen/føretaket si oppfatning er om kva den faste årlege utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsla skal dekke, kontra honorering/tilvising av møtegodtgjerdsle for det einskilde møte. Med bakgrunn i at dekning av godtgjerdsler etter regulativet er å ansjå som innkomne for seint, dersom desse krava er framsette meir enn 3 månader etter at møtet er halde, har vi stilt spørsmål om korleis vert dette oppfatta og praktisert i kvardagen innafor kommunen og føretaket.

Vi viser til brevet som følgjer i scanna fil her. Det talar i seg sjølv for seg. Vi har sett ein svarfrist for Dykk tilbake til oss, til 02.12.13. Det vedtekne godtgjerdsleregualtivet er også vedlagt, slik ordlyden i regulativet er vedteke av Flora Bystyre i sak 103/2012.

Vi imøteser Dykkar tilbakemelding i saka innan fristen 02.12.13. Svar kan gjevast attende hit pr. e-post.

Mvh

KRYSS Revisjon
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

**Førde Terje**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Melvær Arild <Arild.Melvaer@flora.kommune.no> |
| **Sendt:** | 15. november 2013 11:09 |
| **Til:** | Førde Terje |
| **Kopi:** | Trine Vokuhl; Ronny Cassells |
| **Emne:** | SV: PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a |
| **Vedlegg:** | Møtegodtgjersle 2011.xlsx; Møtegodtgjersle 2012.xlsx |

Hei!
Innvandrarsenteret praktiserer same godtgjersleregime som Flora kommune: Utbetaling ein gong i året, der styremedlemmene får utbetalt etter kor mange møter dei har vore med på. Dette gjeld ikkje styreleiar, som får ei fast godtgjersle lik den som andre utvalsleiarar har, jf. regulativet pkt. 2.4. Styremøta i KF Innvandrarsenteret startar nesten utan unntak kl. 1700 og varer inntil 3 timar, vanlegvis kortare.

Eg legg ved oversikt over utbetalingane i 2011 og 2012. I tillegg har Jacob Nødseth (vara) fått utbetalt tapt arbeidsforteneste i 2011 med 1 150 kr for eitt møte, og 1 200 kr for ein gong i 2012, pluss refusjon av flybussbillett ein veg Bergen -Flesland. (Trur han fekk dekka den andre vegen via formannskapet eller HSU). Rekninga frå Nødseth kom kort tid etter møtet. Det same gjeld for desembermøtet 2012, desse pengane (1 270 kr) fekk han utbetalt i januar 2013. Både i 2011 og 2012 fekk han vanleg møtegodtgjersle i tillegg til tapt arbeidsforteneste for same møte. I 2013 har han vore med på to styremøter utan å be om dekka arbeidsforteneste.

Med venleg helsing

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON
Dato: 03.12.2013 Off:
Sak nr. 111-2013 Regnr:
Arkiv: 083
Avd.kode: 1401
Saksbandsamar T.F.

Arild Melvær
Dagleg leiar KF Innvandrarsenteret i Flora
Mobil 41534964, e-post: arild.melvaer@flora.kommune.no

---

**Fra:** Førde Terje [mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no]
**Sendt:** 14. november 2013 14:10
**Til:** Melvær Arild
**Kopi:** Vokuhl Trine
**Emne:** PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a

***Att: Flora Innvandrarsenter KF v/Dagleg leiar Arild Melvær***

Hei.

Vi har valgt å sende ut eit eige skriv kring praktiseringa av godtgjerdsleregulativet i Flora; jfr. det vedtekne godtgjerdsleregulativet som blei vedteke av Flora Bystyre i møte den 12.06.2012, sak 103/2012.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, 13.11.13, som tek opp i seg *eit par spørsmål kring den praksis som for einskilde* ser ut til å vere etablert når det gjeld *møtegodtgjerdsle*, *fast utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsle* og *dekning av legitimert sats for tapt arbeidsforteneste*. Vi har valgt å tilskrive både Flora kommune, ved Rådmannen, samt alle kommunale føretak innafor Flora kommune, ved dagleg leiar i føretaket, der vi på generell basis ber om svar på dei same spørsmåla. Vi tør be om at kvar einskild må gå inn i eiga verksemd å sjå nærmare etter korleis praksis er/har vore, og gje oss ei tilbakemelding på dette.

# MØTEGODTGJERSLE STYRET FOR INNVANDRARSENTERET 2012

| Dato: | 20.3. | 29.5. | 25.9. | 18.10. | 13.nov | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Namn:** | | | | | | | |
| Jan Helge Dale | x | x | x | x | x | kr 18 103,- | art 10803 - 10 - 242 |
| Lillemor Lovise Helle | x | x | x | x | x | kr 3 755,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Frank Leversund | x | | | | | kr 751,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Mona Ødegård Standal | x | | | | | kr 751,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Katrine Moan | | | | | | kr 751,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Torill Gjertsen | x | | | | | kr 751,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Jacob Nødseth | | | x | x | x | kr 2 253,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Anita Steinset | | x | | | | kr 751,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Ronny Cassels | | x | | x | x | kr 2 253,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Eva Jensen | | x | x | x | x | kr 3 004,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Siri Søreide Jansen | | - | x | x | x | kr 2 253,- | art 10805 - 10 - 242 |
| Johnny Jacobsen | | | x | | | kr 751,- | art 10805 - 10 - 242 |

15 771,-

Møtegodtgjersle styreleiar er kr 18 103,-

Satsen per møte er kr 751,-

# MØTEGODTGJERSLE STYRET FOR INNVANDRARSENTERET 2011

| Namn: | 22.3. | 31.5. | 20.9. | 18.10. | 15.11. | 14.12. | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan Helge Dale | x | x | x | x | x | x | kr 18 103,- | art 10803 |
| Lillemor Lovise Helle | x | x | x | - | x | x | kr 3 131,- | art 10805 |
| Frank Leversund | x | - | x | x | x | x | kr 3 339,- | art 10805 |
| Mona Ødegård Standal | x | x | x | - | - | - | kr 1 629,- | art 10805 |
| Katrine Moan | | | | x | | | kr 751,- | art 10805 |
| Grethe Svardal | - | x | - | - | - | x | kr 1 294,- | art 10805 |
| Torill Gjertsen | x | x | x | x | x | x | kr 3 882,- | art 10805 |
| Silje Nybø | | x | | | | | kr 543,- | art 10805 |
| Jacob Nødseth | | | | | | x | kr 751,- | art 10805 |
| | | | | | | | kr 15 320,- | |

Møtegodtgjersle styreleiar er kr 18 103,-
Bystyret vil fastsetje ny sats i samband med møte- og
delegasjonsvedtak i 2012. Ny godtgjersle vil evt gjelde frå 27.9.2011

Satsen per møte var kr 543,- fram til 27.9.2011, kr 751 etterpå.

**Førde Terje**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Førde Terje |
| **Sendt:** | 14. november 2013 14:10 |
| **Til:** | 'arild.melvaer@flora.kommune.no' |
| **Kopi:** | Trine Vokuhl |
| **Emne:** | PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a |
| **Vedlegg:** | Godtgjedslereglement Flora 010512.pdf; Brev131113 Praktisering av godtgjerdsleregulativet Innvandrarsenteret KF.pdf |

***Att: Flora Innvandrarsenter KF v/Dagleg leiar Arild Melvær***

Hei.

Vi har valgt å sende ut eit eige skriv kring praktiseringa av godtgjerdsleregulativet i Flora; jfr. det vedtekne godtgjerdsleregulativet som blei vedteke av Flora Bystyre i møte den 12.06.2012, sak 103/2012.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, 13.11.13, som tek opp i seg *eit par spørsmål kring den praksis som for einskilde* ser ut til å vere etablert når det gjeld *møtegodtgjerdsle, fast utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsle* og *dekning av legitimert sats for tapt arbeidsforteneste*. Vi har valgt å tilskrive både Flora kommune, ved Rådmannen, samt alle kommunale føretak innafor Flora kommune, ved dagleg leiar i føretaket, der vi på generell basis ber om svar på dei same spørsmåla. Vi tør be om at kvar einskild må gå inn i eiga verksemd å sjå nærmare etter korleis praksis er/har vore, og gje oss ei tilbakemelding på dette.

Det er vår oppfatning at dekning av tapt arbeidsforteneste etter legitimert sats, i einskilde høve, ikkje stettar krava som er stilt i reglementet til dokumentert inntektstap,for at legitimert sats skal kunne honorerast. Vi har også stilt spørsmål kring kva kommunen/føretaket si oppfatning er om kva den faste årlege utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsla skal dekke, kontra honorering/tilvising av møtegodtgjerdsle for det einskilde møte. Med bakgrunn i at dekning av godtgjerdsler etter regulativet er å ansjå som innkomne for seint, dersom desse krava er framsette meir enn 3 månader etter at møtet er halde, har vi stilt spørsmål om korleis vert dette oppfatta og praktisert i kvardagen innafor kommunen og føretaket.

Vi viser til brevet som følgjer i scanna fil her. Det talar i seg sjølv for seg. Vi har sett ein svarfrist for Dykk tilbake til oss, til 02.12.13. Det vedtekne godtgjerdsleregualtivet er også vedlagt, slik ordlyden i regulativet er vedteke av Flora Bystyre i sak 103/2012.

Vi imøteser Dykkar tilbakemelding i saka innan fristen 02.12.13. Svar kan gjevast attende hit pr. e-post.

Mvh

KRYSS Revisjon
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

**Førde Terje**

---

**Fra:** Mette Gundersen <mette@havhesten.no>
**Sendt:** 10. desember 2013 10:10
**Til:** Førde Terje
**Emne:** SV: PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON
Dato: 10.12.2013 Off:
Sak nr. 116/2013 Regnr.:
Arkiv: 083
Avd.kode: 1401 / Havhesten
Sakshandsamar T.F.

Hei Terje!

Hei Terje!

Beklager seint svar!
I Havhesten har vi forholdt oss til de satser som er satt av bystyret: Det blir gitt vanlig møtegodtgjørelse for hvert styremøte for alle styremedlemmer bortsett fra styreleder. Han har godtgjørelse i tråd med styrelederhonorar satt av bystyret.
Styret behandla tidligere i år en sak vedr. krav om godtgjørelse utover styrelederhonorar, men den ble avvist. Undertegnede tok opp saken på prinsippielt grunnlag da det ikke på forhånd var gjort noen avtale (verken muntlig eller skriftlig) om honorar knyttet til dette arbeidet.
Utover dette har styret blitt oppfordret av internkontrollen i kommunen om å delta på et styrekurs som PWC hadde i vår, og det er kun en person som har meldt inn tapt arbeidsfortjeneste på denne dagen sammen med dokumentasjon fra selskapet han jobber i. Denne ligger hos lønnsavdelinga.

For ytterligere spørsmål til dette er det bare å ta kontakt.

Mvh
Mette,
Havhesten

---

**Fra:** Gundersen Mette [mailto:Mette.Gundersen@flora.kommune.no]
**Sendt:** 25. november 2013 10:26
**Til:** mette@havhesten.no
**Emne:** VS: PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a

---

**Fra:** Førde Terje [mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no]
**Sendt:** 14. november 2013 14:04
**Til:** Gundersen Mette
**Emne:** PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a

***Att: Havhesten Flora kommune KF, v/dagleg leiar Mette Gundersen***

Hei.

Vi har valgt å sende ut eit eige skriv kring praktiseringa av godtgjerdsleregulativet i Flora; jfr. det vedtekne godtgjerdsleregulativet som blei vedteke av Flora Bystyre i møte den 12.06.2012, sak 103/2012.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, 13.11.13, som tek opp i seg *eit par spørsmål kring den praksis som for einskilde* ser ut til å vere etablert når det gjeld *møtegodtgjerdsle, fast utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsle* og *dekning av legitimert sats for tapt arbeidsforteneste*. Vi har valgt å tilskrive både Flora kommune, ved Rådmannen, samt alle kommunale føretak innafor Flora kommune, ved dagleg leiar i føretaket, der vi på generell basis ber om svar på dei

same spørsmåla. Vi tør be om at kvar einskild må gå inn i eiga verksemd å sjå nærmare etter korleis praksis er/har vore, og gje oss ei tilbakemelding på dette.

Det er vår oppfatning at dekning av tapt arbeidsforteneste etter legitimert sats, i einskilde høve, ikkje stettar krava som er stilt i reglementet til dokumentert inntektstap,for at legitimert sats skal kunne honorerast. Vi har også stilt spørsmål kring kva kommunen/føretaket si oppfatning er om kva den faste årlege utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsla skal dekke, kontra honorering/tilvising av møtegodtgjerdsle for det einskilde møte. Med bakgrunn i at dekning av godtgjerdsler etter regulativet er å ansjå som innkomne for seint, dersom desse krava er framsette meir enn 3 månader etter at møtet er halde, har vi stilt spørsmål om korleis vert dette oppfatta og praktisert i kvardagen innafor kommunen og føretaket.

Vi viser til brevet som følgjer i scanna fil her. Det talar i seg sjølv for seg. Vi har sett ein svarfrist for Dykk tilbake til oss, til 02.12.13. Det vedtekne godtgjerdsleregualtivet er også vedlagt, slik ordlyden i regulativet er vedteke av Flora Bystyre i sak 103/2012.

Vi imøteser Dykkar tilbakemelding i saka innan fristen 02.12.13. Svar kan gjevast attende hit pr. e-post.

Mvh

**KRYSS Revisjon**
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

## Førde Terje

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Jacobsen Johnny <Jonny.Jacobsen@flora.kommune.no> |
| **Sendt:** | 25. november 2013 12:37 |
| **Til:** | Førde Terje |
| **Kopi:** | hertresvaag@hotmail.com |
| **Emne:** | Tilbakemelding vedrørende praktisering av utbetaling når det gjeld møtegodtgjørelsen for Flora Kjøkkenservice KF.doc |
| **Vedlegg:** | Tilbakemelding vedrørende praktisering av utbetaling når det gjeld møtegodtgjørelsen for Flora Kjøkkenservice KF.doc |
| **Viktighet:** | Høy |

Hei!

Tilbakemelding vedrørende møtehonorar for Flora Kjøkkenservice KF

Mvh

Johnny Jakobsen

Daglig leder
Flora Kjøkkenservice KF
Tlf: 41534960

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON
Dato: 25.11.2013 Off:
Sak nr. 109-2013 Reg.nr.:
Arkiv: 083
Avd.kode: 1499
Sakshandsamar T.F.

**Tilbakemelding vedrørende praktisering av utbetaling når det gjeld møtegodtgjørelsen for Flora Kjøkkenservice KF.**

Foretaket har i gjennomsnitt 4 – 5 møter pr. år. Som holdes i Flora Kjøkkenservice sine lokaler.

Møtegodtgjørelse for Styreleder i Foretaket = Kr. 50.000 pr. år.

Dette blev vedtatt mellom rådmann Terje Heggheim og daværende ordfører Bente Frøyen Steindal, styreleder Harry Ertresvaag og daglig leder Johnny Jakobsen i møte på rådhuset mai 2009.

Møtegodtgjørelsen innbefatter at Styreleder skal :

Lede styremøter.

Lede allmannamøter for personalet.

Delta i anskaffelsesmøter.

Rådgiver ved rørende drift.

Skal være aktiv som rådgiver utover vanlige styremøte i kraft av tidligere erfaringer fra arbeidslivet.

Flora kjøkkenservice KF har liten administrasjon, og daglig leder er i perioder i høy grad aktiv i den daglige produksjon. Styreleder har da deltatt aktivt som administrativ rådgiver.

Møtegodtgjørelse for de øvrige medlemmer i styret:

Mødedeltakerne mottar møtegodtgjørelse etter til enhver tid gjeldene satser.

For 2012. var dette kr. 751,00 pr. møte.

Møtene holdes på ettermiddagstid, og det har ikke vært utbetalt honorar for tapt arbeidsfortjeneste, kjøregodtgjørelse eller annet.

Møtegodtgjørelsen utbetales i desember hvert år.

Florø, 25.11.2013.

Johnny Jakobsen.

Daglig leder.

Flora Kjøkkenservice KF.

Tlf: 41534960

**Førde Terje**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Førde Terje |
| **Sendt:** | 14. november 2013 14:07 |
| **Til:** | 'johnny.jacobsen@flora.kommune.no' |
| **Emne:** | PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a |
| **Vedlegg:** | Godtgjedslereglement Flora 010512.pdf; Brev 131113 Praktisering av godtgjerdsleregualtivet i Flora Kjøkkenservice KF.pdf |

***Att: Flora Kjøkkenservice KF v/Dagleg leiar Johnny Jacobsen***

Hei.

Vi har valgt å sende ut eit eige skriv kring praktiseringa av godtgjerdsleregulativet i Flora; jfr. det vedtekne godtgjerdsleregulativet som blei vedteke av Flora Bystyre i møte den 12.06.2012, sak 103/2012.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, 13.11.13, som tek opp i seg *eit par spørsmål kring den praksis som for einskilde* ser ut til å vere etablert når det gjeld *møtegodtgjerdsle, fast utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsle* og *dekning av legitimert sats for tapt arbeidsforteneste*. Vi har valgt å tilskrive både Flora kommune, ved Rådmannen, samt alle kommunale føretak innafor Flora kommune, ved dagleg leiar i føretaket, der vi på generell basis ber om svar på dei same spørsmåla. Vi tør be om at kvar einskild må gå inn i eiga verksemd å sjå nærmare etter korleis praksis er/har vore, og gje oss ei tilbakemelding på dette.

Det er vår oppfatning at dekning av tapt arbeidsforteneste etter legitimert sats, i einskilde høve, ikkje stettar krava som er stilt i reglementet til dokumentert inntektstap,for at legitimert sats skal kunne honorerast. Vi har også stilt spørsmål kring kva kommunen/føretaket si oppfatning er om kva den faste årlege utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsla skal dekke, kontra honorering/tilvising av møtegodtgjerdsle for det einskilde møte. Med bakgrunn i at dekning av godtgjerdsler etter regulativet er å ansjå som innkomne for seint, dersom desse krava er framsette meir enn 3 månader etter at møtet er halde, har vi stilt spørsmål om korleis vert dette oppfatta og praktisert i kvardagen innafor kommunen og føretaket.

Vi viser til brevet som følgjer i scanna fil her. Det talar i seg sjølv for seg. Vi har sett ein svarfrist for Dykk tilbake til oss, til 02.12.13. Det vedtekne godtgjerdsleregualtivet er også vedlagt, slik ordlyden i regulativet er vedteke av Flora Bystyre i sak 103/2012.

Vi imøteser Dykkar tilbakemelding i saka innan fristen 02.12.13. Svar kan gjevast attende hit pr. e-post.

Mvh
KRYSS Revisjon
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

FLORA
KOMMUNE

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON
Dato: 13.01.2014 Off.:
Sak nr. 007-2014 Regnr.: 1.
Arkiv: 083-216
Avd.kode: 1402
Sakshandsamar T.F.

RÅDMANNEN

Kryss Revisjon
Strandgata 43

6900 FLORØ

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
| --- | --- | --- |
| 14/169-1/K1-//TEHE | | Florø: 13.01.2014 |

# GODJERSLEREGULATIV, PRAKTISERING

Rådmannen viser til brev 13. november 2013 og vil innleiingsvis seie seg lei for seint svar frå vår side.

Praktisering av utbetaling av fast styreleiargodtgjersle og godtgjersle for kvart møte.
Denne problemstillinga er ikkje aktuell i rådmannen sitt svar.

Korleis dekking av legitimert sats for tapt arbeidsinntekt skjer?
Dette skjer etter førevising av rekningsbilag. Omfanget av denne utgiftsposten er avgrensa. Vi vurderer dokumentasjonen som kurant i dei fleste tilfella. Administrasjonen tar opp eventuelle problemstillingar direkte med den det gjeld.

Korleis seint innleverte reiserekningar og krav om tapt arbeidsinntekt blir praktisert?
Dette er eit problem og vi har behov for å skjerpe inn rutinane for denne type innmeldingar. Lønsavdelinga melder også om dette som ei utfordring. Vi vil sende ut eit eige informasjonsskriv til dei folkevalde om dette.

Andre forhold:
Rådmannen ser behov for å presisere i godtgjersleregulativet ordlyden om kva som er meint dekka/ikkje dekka i den faste møtegodtgjersla for hovudutvalsleiarar og leiarar av andre utval. Vi opplever krav om tapt arbeidsinntekt i eit omfang som gjer til at dette har blitt ein relativt stor utgiftspost. Bystyret må ta stilling til kva godtgjersla er meint å dekke. Rådmannen vil difor fremme eiga sak om dette. Rådmannen stiller også spørsmål om det er meininga å gi økonomisk kompensasjon for førebuande møte med administrasjonen – og i tilfelle kven som skal ha rett på slik kompensasjon

Med helsing

Terje Heggheim
Rådmann

**Førde Terje**

---

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Førde Terje |
| **Sendt:** | 14. november 2013 09:26 |
| **Til:** | 'terje.heggheim@flora.kommune.no' (terje.heggheim@flora.kommune.no) |
| **Kopi:** | berits.osa@flora.kommune.no; Trine Vokuhl |
| **Emne:** | PRAKTISERINGA AV GODTGJERDSLEREGULATIVET I FLORA KOMMUNE OG KF'a |
| **Vedlegg:** | Praktisering godtgjerdslereglementet Flora kommune, brev 131113.pdf; Godtgjedslereglement Flora 010512.pdf |

Hei.

Vi har valgt å sende ut eit eige skriv kring praktiseringa av godtgjerdsleregulativet i Flora; jfr. det vedtekne godtgjerdsleregulativet som blei vedteke av Flora Bystyre i møte den 12.06.2012, sak 103/2012.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, 13.11.13, som tek opp i seg *eit par spørsmål kring den praksis som for einskilde* ser ut til å vere etablert når det gjeld *møtegodtgjerdsle, fast utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsle* og *dekning av legitimert sats for tapt arbeidsforteneste.* Vi har valgt å tilskrive både Flora kommune, ved Rådmannen, samt alle kommunale føretak innafor Flora kommune, ved dagleg leiar i føretaket, der vi på generell basis ber om svar på dei same spørsmåla. Vi tør be om at kvar einskild må gå inn i eiga verksemd å sjå nærmare etter korleis praksis er/har vore, og gje oss ei tilbakemelding på dette.

Det er vår oppfatning at dekning av tapt arbeidsforteneste etter legitimert sats, i einskilde høve, ikkje stettar krava som er stilt i reglementet til dokumentert inntektstap,for at legitimert sats skal kunne honorerast. Vi har også stilt spørsmål kring kva kommunen/føretaket si oppfatning er om kva den faste årlege utvalsleiar-/styreleiar-godtgjerdsla skal dekke, kontra honorering/tilvising av møtegodtgjerdsle for det einskilde møte. Med bakgrunn i at dekning av godtgjerdsler etter regulativet er å ansjå som innkomne for seint, dersom desse krava er framsette meir enn 3 månader etter at møtet er halde, har vi stilt spørsmål om korleis vert dette oppfatta og praktisert i kvardagen innafor kommunen og føretaket.

Vi viser til brevet som følgjer i scanna fil her. Det talar i seg sjølv for seg. Vi har sett ein svarfrist for Dykk tilbake til oss, til 02.12.13. Det vedtekne godtgjerdsleregualtivet er også vedlagt, slik ordlyden i regulativet er vedteke av Flora Bystyre i sak 103/2012.

Vi imøteser Dykkar tilbakemelding i saka innan fristen 02.12.13. Svar kan gjevast attende hit pr. e-post.

Mvh


**KRYSS Revisjon**
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

FLORA
KOMMUNE

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Bystyret | 23.04.2012 | 043/12 |
| Bystyret | 07.06.2012 | 090/12 |
| Bystyret | 12.06.2012 | 103/12 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: K1-082 | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Trond Ramstad Olsen | Objekt: | 10/1974 |

# GODTGJERSLEREGULATIV FOR OMBODS- OG TILLITSVALDE I FLORA KOMMUNE.

## Kva saka gjeld:

Bystyret vedtok i sak 124/11 godtgjersle for folkevalde.
I pkt.8 i vedtaket vart det gjort vedtak om at det skulle leggast fram eit revidert og samla **reglement** for godtgjersle til folkvalde.

Det er no utarbeidd eit nytt godtgjersleregulativ, der vi har sett på Flora kommune sitt noverande regulativ, fylkeskommunen sitt og på erfaringar.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Nytt framlegg til Godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune vert vedteke slik det ligg føre.

**23.04.2012 BYSTYRET**

***Framlegg:***
**Framlegg frå Repr.Nina Liseth,H:**

1. Saka vert utsett.
2. Saka vert handsama i Administrasjonsutvalet før den vert lagt fram for ny handsaming i bystyret.
3. Administrasjonsutvalet vert nytt a som arbeidsgruppe i arbeidet med detaljutforming av regulativet.

***Røysting:***
Framlegget frå Liseth vart samrøystes vedteke.

**BYST-043/12 VEDTAK:**

1. Saka vert utsett.
2. Saka vert handsama i Administrasjonsutvalet før den vert lagt fram for ny handsaming i bystyret.
3. Administrasjonsutvalet vert nytt a som arbeidsgruppe i arbeidet med detaljutforming av regulativet.

**31.05.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

***Røysting:***
Utvalet gjorde samrøystes vedtak slik det går fram av revidert utkast frå ADMU av 31.05.2012.

**ADMU-014/12 VEDTAK:**

Slik det går fram av revidert utkast frå ADMU av 31.05.2012.

**07.06.2012 BYSTYRET**

**BYST-090/12 VEDTAK:**

Saka vart utsett til nytt bystyremøte 12.06.2012.

**12.06.2012 BYSTYRET**

***Framlegg:***
Framlegg frå Repr.Jan Henrik Nygård,V:

1. Som admu sitt vedtak av 31.05.12, utsendt med bystyrepapira. Med følgjande endringar:
   - 2.4 siste setning endres til: og skal dekke leiing/deltaking i faste utval som naturlig ligg under faste hovudutval. Som AMU og UTBY.
2. Dei økonomiske konsekvensar for politisk arbeid vert å føre som eiga sak i ADMU i samband med utarbeiding av budsjett 2013.

AP ber om gruppemøte.

Framlegg frå Repr.Bente Nilsen Halvorsen,SV:
Endring 2.2 Varaordførar
Siste ledd: Stryke pkt.2.3

V ber om gruppemøte.

***Røysting:***
Det vart først røysta over framlegget frå Halvorsen,SV – dette fall mot 15 røyster.

Framlegget frå Nygård,V vart samrøystes vedteke.

Innspel frå repr.Frøyen Steindal, AP vedk. pkt.4.3 vert teke med vidare til ADMU.

**BYST-103/12 VEDTAK:** (12.06.2012)

1. Som admu sitt vedtak av 31.05.12, utsendt med bystyrepapira. Med følgjande endringar:

- 2.4 siste setning endres til: og skal dekke leiing/deltaking i faste utval som naturlig ligg under faste hovudutval. Som AMU og UTBY.

2. Dei økonomiske konsekvensar for politisk arbeid vert å føre som eiga sak i ADMU i samband med utarbeiding av budsjett 2013.

Innspel frå repr.Frøyen Steindal, AP vedk. pkt.4.3 vert teke med vidare til ADMU.

Terje Heggheim
rådmann

Vedtekt reglement: Byst-sak 103/12, 12/6.12.

Flora kommune

Rådmannen

# GODTGJERSLEREGULATIV FOR OMBODS- OG TILLITSVALDE I FLORA KOMMUNE

## 1. FELLESVEDTEKTER

### 1.1 Kven regulativet gjeld for

Godtgjersleregulativet gjeld for ombods- og tillitsvalde, faste representantar og møtande vararepresentantar for møte i kommunen sine eigne organ som er oppretta med heimel i særlov eller i Kommunelova §§ 25 og 26, kommunale føretak, andre heileigde aksjeselskap samt kommunal valte representantar til andre selskap og organisasjonar.

Regulativet kan fråvikast i tilfelle der det vert gjort unntak i særskild avtale, kollektive overeinskomstar, eller når det kjem i strid med ufråviklege lover og/eller føresegner.

### 1.2 Tolking og gyldigheit

Tvil om tolking av reglementet vert å legge fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

Reglementet gjeld frå 1 mai 2012 og fram til ny justering vert gjort av bystyret.

Justeringar av godtgjersle til folkevalde vil følgje av den til ei kvar tid gjeldande årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Jfr vedtak bystyresak 124/11.

## 2. Faste godtgjersler

### 2.1 Ordførar

Godtgjersla utgjer 100% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet etter lov og reglement.

Utbetaling: Månadleg i samband med lønsutbetalinga

### 2.2 Varaordførar

Varaordførar har 50% stilling med godtgjersle som utgjer høvesvis 85% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane.
Godtgjersla dekker alle gjeremål som følgje av vervet, arbeid i kortvarige vikariat for ordføraren, under fråvær og sjukdom, samt vikariat under ordføraren sin ferie.
Ved vikariat for ordføraren av lengre varigheit, må eventuelt godtgjersle til varaordførar fastsetjast av formannskapet i høve lengda på vikariatet. Godtgjersla skal dekke all møtegodtgjersle. Andre verv skal dekkast i tråd med pkt. 2.3, 2.4 og 2.5.

Utbetaling: Månadleg i samband med lønsutbetalinga

2.3 **Formannskapsmedlemer - faste**
Godtgjersla skal dekke alle formannskapsmøta i året.
Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon på 25%.
Godtgjersla skal utgjere 3% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane.

Utbetaling: Desember månad kvart år.

2.4 **Leiar i faste utval, kommunale føretak og heileigde kommunale aksjeselskap**
Godtgjersla skal dekke alle møter i utvalet i året. Som faste utval vert rekna:

- Hovudutval for helse og sosial
- Hovudutval for kultur og oppvekst
- Hovudutval for plan- og miljø
- Administrasjonsutvalet
- Kontrollutvalet
- Kommunale føretak
- Heileigde kommunale selskap

Godtgjersla skal utgjere 3% av den årlege basisgodtgjersla for stortingsrepresentantane og skal også dekke leiing/deltaking i faste utval som naturlig ligg under faste hovud-utval. Som AMU og Utbyggingsutvalet.

Utbetaling: Desember månad kvart år.

2.5 **Leiar i andre utval**
Som andre utval vert rekna alle utval som er oppnemnde av folkevald kommunalt organ med heimel i kommunelova eller særlov.
Godtgjersla skal dekke alle møter i året og fastsetjast samstundes med nedsetjing av utvalet. Rettleiande sats for godtgjersle i perioden 2011 – 2015 skal utgjere 1,5% av den årlege basisgodtgjersla for stortingsrepresentantane.

Utbetaling: Desember månad kvart år.

2.6 **Frikjøpte folkevalde**
Ordførar og varaordførar vert å rekne som som frikjøpte folkevalde.
Andre folkevalde som er minst 50% frikjøpt vert i dette reglementet rekna som frikjøpte.
Desse vert omfatta av kommunen sitt reglement når det gjeld sjukeløn og velferds-ordningar.
Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepenger

2.7 **Reduksjon i fast godtgjersle**
For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvalet har i løpet av kalender-året skal den faste godtgjersla reduserast med 50%.

For folkevald som har tenestefri frå kommunevervet i minst 3 månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

## 2.8 Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som deltek i minst 1/3 av utvalet sine møter skal ha minst 50% av den faste godtgjersla til den han er varamedlem for.
Varamedlem som deltek i minst 2/3 av møta skal ha full fast godtgjersle.

## 2.9 Fast godtgjersle til gruppeleiarar i Flora kommune

Gruppeleiarar i politiske parti i Flora kommune som er representert i Bystyret har rett på fylgjande fast godtgjersle:

| Partiet sitt tal folkevalde i Bystyret | Fast godtgjersle |
|---|---|
| 1 - 4 | 0,5% |
| 5 – 9 | 1,0% |
| 10 – 14 | 1,5% |
| 15 – 19 | 2,0% |
| 20 – 24 | 2,5% |
| 25 – 35 | 3,0% |

# 3. Møtegodtgjersle

## 3.1 Møtegodtgjersle

For medlemmer i folkevalde organ vert det utbetalt møtegodtgjersle. Godtgjersla vert utbetalt for kvar møtedag. Dersom møtet har varigheit mindre enn 1 time skal det utbetalast 50% av full møtegodtgjersle.
Satsane for møtegodtgjersle vert sett til 0,1% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Jfr Bystyresak 124/11.

## 3.2 Fleire møter same dag

Dersom folkevalde møter i fleire møter same dag, har dei rett på møtegodtgjersle for kvart møte.

## 3.3 Telefonmøte

Ved telefonmøte i folkevalde organ skal møtegodtgjersla utbetalast med 50%.

## 3.4 Avgrensing og oppretting av nye utval

Ved oppretting av nye og andre utval, nemnder, plangrupper eller komitear skal formannskapet avgjere om det skal betalast godtgjersle og eventuelt fastsetje storleiken på godtgjersla.

Møte mellom administrative representantar og folkevald(e) i faste utval og underutval til desse utløyser ikkje møtegodtgjersle.

I kommunale føretak og heileigde aksjeselskap vert det ytt godtgjersle for tapt arbeidsinntekt i samband med arbeidsmøter med interne og eksterne dersom dette er vedteke i det føretaket det gjeld.

**3.5 Interkommunale organ**

Kommunen sine politisk valde representantar og møtande vararepresentantar i interkommunale organ/kommunal representant i andre selskap/organisasjonar vert tilstått møtegodtgjersle etter dette regulativet (som for andre utval) dersom det interkommunale organet/selskapet/organisasjonen ikkje har eige regulativ og sjølv dekker dette.

**3.6 Kommunalt tilsette og organisasjonsvalde**

Representantar og møtande vararepresentantar som er valde av organisasjonane får tilsvarande møtegodtgjersle dersom møta vert haldne utanom vedkommande si arbeidstid i kommunen.

## 4. TAPT ARBEIDSINNTEKT

4.1 Etter krav frå ombods- og tillitsvalde vert det utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt som følgje av vervet etter slike satsar:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| - | Legitimert | inntil kr | 4.600 | for kvar møtedag |
| - | Ulegitimert | inntil kr | 1.200 | for kvar møtedag |

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gjeve etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.
Dette gjeld for alle møte der folkevalde vert kalla inn av Flora kommune herunder dei kommunale føretaka, eller deltakinga er vedteke av desse.
Det kan såleis ikkje utbetalast meir enn ein sats for kvar kalenderdag.

**4.2 Kven får vederlag**

Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillits-vervet, t.d husmødre, studentar og pensjonistar.
Folkevalde som ikkje er i ordinært løna arbeid må i kvart einskild høve utgreie for grunnen til at det føreligg eit økonomisk tap.

Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

**4.3 Kva skal vederlaget dekke.**

Satsane i regulativet skal dekke tapt inntekt og feriepengar. Pensjonspremie skal ikkje dekkast.
Dersom arbeidsgjevaren ikkje trekker i løna, kan det avtalast at vederlaget skal utbetalast til arbeidsgjevaren som då må fremje refusjonskrav overfor kommunen.
I slike tilfeller kjem arbeidsgjevaravgifta i tillegg til satsane.

Folkevalde med omsorgsansvar får etter rekning dekka dokumenterte utgifter til naudsynt tilsyn. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra/gjort det

vanskeleg for den folkevalde å delta på møtet.

4.4 **Grunnlaget.**
Som grunnlag for møtestart og møteslutt og utrekning av timar etter pkt 3.1 og 4.5. vert møteboka lagt til grunn.

4.5 **Differansiert vederlag**

For å få fullt vederlag krevst at fråværet har vara i minst 7 timar mellom kl 0800 og Kl 1600. For kortare fråver vert vederlaget utrekna høvesvis etter timetalet avrunda. oppover til næraste heile time. Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det foreligg eit faktisk inntektstap.

For bystyremøter og andre møter med start kl. 16.00 og seinare vert det ikkje betalt for tapt arbeidsinntekt med mindre det kan dokumenterast.

4.6 **Sjølvstendig næringsdrivande**
Ein sjølvstendig næringsdrivande er ein som driv verksemd for eiga rekning og risiko (ein som eig eit AS er ikkje sjølvstendig næringsdrivande, men lønsmottakar). Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med normal timesats for den næringsdrivande si forretnings-verksemd multiplisert med antal timar fråværet har vart. Næringsdrivande som driv verksemd basert på timebestilling har rett på dekning for det antal timar som møtet vert rekna å ville vare, sjølv om møtet faktisk varer i kortare tid.
Som alternativ kan den det gjeld ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra. I særskilte høve kan det søkjast formannskapet om å få dekka dokumentert tap utover legitimert maks sats.
Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget.

Krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt skal sendast den som representerer rådmannen i utvalet innan 3 mndr etter at møtet er halde.

## 5. SKYSSGODTGJERSLE

5.1 Faktiske reiseutgifter i samband med utøving av kommunale verv vert dekte etter rekning med satsar i samsvar med staten sitt reiseregulativ. Den som representerer rådmannen i utvalet godkjenner bruk av eigen bil/båt.

Utgangspunkt og returpunkt for reise skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studieadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Formannskapet kan i særskilde tilhøve gje dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.
Tidspunkt for reise til og frå møte skal leggast så tett opp til møtedato som mogleg. Eks: Ved møte dag tysdag er reise til møte tidlegast fredag. Dette av hensyn til deltaking i eventuelle gruppemøter. Returdato vert rekna til dagen etter siste avvikla møte. Krav om vederlag for tapt inntekt kan berre krevjast for møtedato.

Faktiske legitimerte overnattingsutgifter vert dekt etter rekning. Kvittering frå hotell/ pensjonat må ligge med.

Krav om dekking av reiseutgifter skal sendast den som representerer rådmannen i i utvalet innan 3 månad etter at møtet er halde.
Krav om dekking av reiseutgifter for slutten av kalenderåret må sendast inn så tidleg som mogleg slik at slik at desse kan komme til utbetaling i siste lønnsutbetaling for året.

**5.2 Regulering av godtgjerslene og vederlaga**

Godtgjerslene og vederlaga som er fastsette i dette regulativ skal regulerast med 1 januar som verknadsdato.

**6 Andre tilhøve**

Kommunen har rapporteringsplikt til offentleg instans i høve rapportering av refusjonar/ytelsar den einskilde får utbetalt.
Det er verdt å merke seg følgjande:
Reise til og frå politiske møter er i utgangspunktet å rekne som arbeidsreise, men fordel i form av arbeidsgjevar sin dekning vert ikkje å rekne som skattepliktig inntekt når skattyter skjøtter politiske verv. Betingelsen for skatte- og avgiftsfritak er at samla løn og honorar vedr dette ikkje overstig kr 45.000.(sats for 2011/2012). Dersom denne grensa vert overstige vert *heile godtgjeringa* til dekning av reise å handsame som løn. Jfr. FSFIN § 5-15-6(9) og (10), og Lignings ABC pkt 10.3 > unntak, arbeid for veldedige organisasjoner

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora kommune
Kontrollutvalet
v/SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| Lønsrekneskapen2008-10 | \\godtgjfolkevalde/tf10 | 216/Løner | 154 / 2010 | 8. desember 2010 |

# ENDELEG REVISJONSRAPPORT - MØTEGODTGJERDSLE/DEKNING AV TAPT ARBEIDSINNTEKT FOLKEVALDE:

## 0 Oppsummering og anbefalingar:

- **Revisjonen stiller spørsmål om praktiseringa av dekning av tapt arbeidsforteneste, ulegitimert sats, f.t. kr. 1.100,- pr. møtedag, vert praktisert i tråd med dei intensjonar og føresetnader som Flora Bystyre har lagt til grunn når gjeldande retningslinjer og satsar som det vart gjort vedtak om i Byst-sak 116/09 (endra satsar frå 01.05.2009)**

  - ✓ ***korleis meiner Flora kommune at begrepet "tilstrekkeleg synleggjort" skal forståast og praktiserast når det gjeld tilvising og utbetaling av dekning av ulegitimert tapt arbeidsinntekt til folkevalde; heri dekning av tapt arbeidsinntekter overfor folkevalde studentar, husmødre, frilansere og pensjonistar***

- **Kva skal inngå i den faste årlege styreleiargodtgjerdsla og kva skal det kunne sendast timelister på for utøvinga av styreleiarvervet sitt ? Reglementet set satsar pr. møtedag, legitimert og ulegitimerte satsar, men seier ikkje noko om time for time. Eit møte på 1 – 2 timar utløysar ein dagsats for tapt arbeidsinntekt ? Eller kor lenge må eit møte vare for at ein dagsats skal slå inn ? Kva inngår i styreleiarfunksjonen når det gjeld ordinære styremøter og andre møter/oppgåver som relaterer seg til styreleiarvervet ?**

**Det er revisjonen si anbefaling at kommunen ser på korleis ovanforståande skal forståast og om gjeldande praksis er akseptabel og innafor reglementet som er gjeldande.**

**Etter revisjonen si oppfatning bør kommunen vurdere å gå gjennom godtgjerdsleregle-mentet sitt og ajourføre eller presisere innhaldet og komplettere dette, slik at dette blir fullstendig og beskrivande for korleis praksis skal vere og kven reglementet skal gjelde for.**

*1 Innleiing:*
Gjennom substanskontrollar (bilagsrevisjon) i den løpande revisjon av lønsområdet i Flora kommune, har kommunerevisjonen valgt å sjå nærmare på praksis i høve dekning av tapt arbeidsinntekt og utbetaling av utgiftsrefusjonar og godtgjerdsle/møtegodtgjerdsle til folkevalde i Flora kommune.

*1.1 Avgrensingar:*
Kontrollomfanget har vore avgrensa til eit tilfeldig utplukk av folkevalde og avgrensa for periodane for lønskøyringane 10.1.08 (okt.) til 10.1.10 (okt.); dvs. frå oktober 2008 til oktober 2010; dei to siste åra. Arbeidet har likevel vore tidkrevjande med god bistand frå administrasjonen; spesielt tilsette ved lønsavdelinga har revisjonen fått god bistand ifrå når det gjeld dokumentasjon og innhenting av opplysningar, m.v.

*2 Regelverk, heimelsgrunnlag:*
Reglar om folkevalde si arbeidsgodtgjering og dekning av utgifter og økonomisk tap, er heimla direkte i Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25,09,1992, nr. 107 *(Kommunelova m/seinare endringar)*, §§ 41 og 42.

*2.1 Kommunelova:*

*§ 41 lyder slik:*

1. *Den som har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjerdsle for reiser i samband med vervet, etter nærmare reglar fastsett av kommunestyret eller fylketinget sjølv.*
2. *Tap av inntekt og påførte utgifter som følgje av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsvarv erstattast opp til eit visst beløp pr. dag, fastsett av kommunestyret eller fylkestinget sjølv. Det skal fastsettast ulike satsar for legitimerte og ulegitimerte tap.*

*§ 42 lyder slik:*

*Den som har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjerdsle for sitt arbeid etternærmare reglar fastsett av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.*

Det er gjeve kommentarar og presiseringar til dei einskilde paragrafar i *kommunelova.* Det vert i den samanheng vist til " *Kommuneloven med kommentarar*" *(Overå/Bernt).*

Utover dette har Flora Bystyre som øverste myndigheitsorgan i kommunen, med heimel i §§ 41 og 42 i kommunelova, innført særskilde bestemmelsar om kva godtgjerdsle som skal vere gjeldande for dei folkevalde i kommunen.

*2.2 Gjeldande godtgjerdsleregulativ i Flora kommune:*

I tråd med §§ 41 og 42 har Flora Bystyre i eigne saker gjort vedtak om korleis godtgjeringa til dei folkevalde i kommunen skal vere. Dette interne regelverket i Flora kommune er sist justert pr. 01.05.2009; jfr. Byst-sak 116/09, som var til handsaming 03.11.09 (endeleg vedteke i utsett møte, den 10.11.2009). Her går det fram følgjande hovudpunkt kring utgiftsrefusjonar og godtgjerdsle til folkevalde i Flora:

*(sitat):*
*Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjerdsle:*
*"Følgjer til ei kvar tid gjeldande statleg regulativ"*

Verv- og møtegodtgjerdsle:
*Ordførar si godtgjerdsle 100 % av stortingsrepresentantgodtgjerdsle pr.* ***01.05.2009 = NOK 696.900,-.***
*Folkevaldgodtgjerdsla vert med verknad frå* ***01.05.2009*** *slik:*

| *Verv* | *% av ordførar* | *årleg* | *pr møte* |
|---|---|---|---|
| *Varaordførar* | *10* | *69.700,-* | |
| *Formannskap- medlemmar* | *2,5* | *17.425,-* | |
| *Formannskap – varamedlemmer* | *0,1* | | *697,-* |
| *Faste utval – leiar* | *2,5* | *17.425,-* | |
| *Faste utval – medlemmar* | *0,075* | | *523,-* |
| *Andre utval – leiar* | *1,0* | *6.970,-* | |
| *Andre utval – medlemmar* | *0,075* | | *523,-* |
| *Medlemmar og varamedlemmar Bystyret* | *0,075* | | *523,-* |

Tapt arbeidsinntekt:
*Legitimert inntil NOK. 4.300,- for kvar møtedag.*
*Ulegitimert inntil NOK 1.100,- for kvar møtedag.*
*Representantar som ikkje vert trekt i løn frå arbeidsgjevar er ikkje omfatta av tapt arbeidsinntekt, legitimert eller ulegitimert.*

*(sitat slutt)*

Med visning til ovanforståande har Flora Bystyre fastsett satsar for dekning av tapt arbeidsinntekt, ulegitimert og legitimert sats, godtgjerdsle til ordførar og vararordførar,, samt styreleiargodtgjerdsler til faste utval og andre utval, og møtegodtgjerdsle til folkevalde, faste representantar og varamedlemmar.

*3 Revisjonen sitt arbeide:*

Det er gjennomført kontrollar på stikkprøvebasis, og det er gjennomgåande lite feil og manglar å peike på frå revisjonen si side. Vi har imidlertid merka oss nokre problemstillingar som vi meiner det er korrekt å ta opp og å få belyst litt nærmare. Desse er teke opp kvar for seg nedanfor:

## 4 Problemstillingar

### 4.1 Problemstilling 1:

***- Ein folkevald sin rett til tapt arbeidsinntekt som student, utgiftsdekning, m.v.***

**Konkret gjeld dette ein folkevald med fast sete i Flora Bystyre og fast representant i eit hovudutval. Vedkomande er student og nyttar hovudsakleg fly til/frå Florø i samband med møtedeltaking i politiske styringsorgan i Flora kommune.**

Vedkomande får reisedekning av Flora kommune; etter rekning frå Florø Flyservice, eller dokumentasjon for refusjon av utlegg (utgiftsrefusjonar). I tillegg dekning av møtegodtgjerdsle i samsvar med godtgjerdsleregulativet, der oppgjer/utbetaling er skjedd i samsvar med antal gonger møtt i Flora Bystyret og hovudutvalet. Dette vert tilvist og utbetalt særskilt og tidvis gjennom året. Det vert også kravd tapt arbeidsinntekt for kvart møte. Innsendt, tilvist og utbetalt periodisk gjennom året. Av utgiftsdekning av bl.a. flybillettar ser ein at reiser til og frå Florø kan ha skjedde nokre dagar i forkant med retur nokre dagar i ettertid, før/etter dato for fastsett møte som det er innkalla til. Vi er kjend med innhald i e-post, sendt frå den folkevalde til ordførar, der det er gjort greie for at det har vore uproblematisk å føreta slike reiser nokre dagar før møta for å delta i politiske gruppemøter, osv., og at dette ha vore avklara med tidlegare rådmann. Vi har ikkje gått djupare inn i desse problemstillingar, men ser at den folkevalde periodisk har fått dekka heimereiser som har gjort vedkomande i stand til å kunne ta vikartimar i skulen, ved opphold heime, i forkant av dato for møtet det er innkalla til; - jfr. det som er nemnt nedanfor kring dette i høve dekning av tapt arbeidsinntekt.

Det er registrert framsett krav for dekning av tapt arbeidsinntekt dobbelt for ein dag; dvs. at det er kravd dekning for to møter same dag; dvs. kravd tapt arbeidsinntekt to gonger på same dag. Dette gjaldt 23.03.10 og 08.06.10 Administrasjonen har *ikkje* honorert kravet frå vedkomande ved at kravet som er framsett *ikkje er tilvist* slik det låg føre. Det er kun utbetalt dagsatsen i tråd med fastsett beløp i 'godtgjerdsleregulativet' fastsett av Flora Bystyre. Administrasjonen har sjølv ordna opp i dette med den folkevalde, men revisjonen er ikkje kjend med korleis dette er kommunisert vidare i systemet.

Vedkomande har over tid teke vikartimar i skulen i Flora og har såleis oppebært løn i kortare periodar. Vedkomande er registrert med løn/vikartimar i 7 tilfeller *der kommunen samstundes* har betalt ut for framsette krav om dekning av ulegitimert tapt arbeidsinntekt til vedkomande for same dag/periode. Kr. 1.000,- pr. dag, tre tilfeller i 2008 og 2009 (fram til 01.05.2009), og kr. 1.100,- (endra sats 01.05.2009) for fire tilfeller i 2009 og 2010.

Problemstillinga vi løfter fram er om det er anledning for ein folkevald som faktisk oppebærer løn som vikar i skulen, på dagtid i skuletida, same dag som eit møte i f.eks. Flora Bystyre, som starter kl. 17:00, har anledning til å krevje tapt arbeidsinntekt i kraft av at vedkomande er student. Etter vår oppfatning så "forsømmer" ikkje den folkevalde (her: studenten) sine daglege gjeremål, ved at han/ho faktisk og reelt *ikkje er studerande* i den tida han/ho underviser i skulen i Flora, men snarare oppebærer løn ved sjølv å be om å få tildelt undervisningstimar som lærar i skulen, same dag som det blir kravd dekning av tapt arbeidsforteneste for. Etter vår oppfatning er det då ikkje i tilstrekkeleg grad synleggjort at vedkomande har lidd eit økonomisk tap ved å ta del i f.eks.bystyreforhandlingane på ettermiddag/kveld, og såleis ha krav på økonomisk kompensasjon for dette.

Under punktet *'tapt arbeidsinntekt'* i Flora kommune sitt *godtgjersleregIement/-regulativ*, siste setning, heiter det:

> *Sitat:*
> *Representantar som ikkje vert trekt i løn frå arbeidsgjevar er ikkje omfatta av tapt arbeidsinntekt, legitimert eller ulegitimert."* *(sitat slutt)*

Vi er usikre på korleis ein skal forstå ovannemnde ordlyd. Skal ein ta ordlyden bokstaveleg, så skal folkevalde som ikkje vert trekt i løn, ikkje vere omfatta av reglementet sitt punkt kring dekning av tapt arbeidsinntekt. Etter vår oppfatning kolliderer dette noko med ordlyden og forståelsen av § 41 i kommunelova (og kommentarane til lova). Ved kontroll av praksis i Flora kommune, ser vi at det ikkje vert kravd dokumentasjon på tilvising av ulegitimert sats for dekning av tapt arbeidsinntekt til folkevalde som set fram krav om det. Det blir likevel gjort

vurderingar av administrasjonen kring kvart einskild tilfelle, før tilvising/utbetaling,der ein tilstreber å gjennomføre eit likebehandlingsprinsipp.

Når det gjeld erstatning for tapt arbeidsinntekt for studentar, så følgjer det av kommentarane til Kommunelova § 41, nr. 2, at studentar, på lik linje med husmødre, frilansere og pensjonistar har rett til tapt (ulegitimert) arbeidsforteneste når dei må "forsømme sine daglege gjeremål", som er å studere. Vi viser til kommentarutgåva av *Kommunelova* (Bernt/Overå), utgåve 4, side 329. Når det gjeld tapt arbeidsforteneste må studenten godtgjere at han/ho skulle ha hatt eit arbeid der han/ho opptrer som folkevald, og derigjennom hadde lidd eit økonomisk tap. Dette kan han/ho synleggjere eller legitimere ved dokumentasjon frå ein eventuell arbeidsgjevar. Kan han/ho ikkje det, vil vi tru at studenten også skal ha noko fri og at han/ho ikkje les eller studerer heile døgnet. Dersom studenten f.eks. leser heile helga, eller skulle ha levert oppgåver, e.l., vil det kunne stille seg annleis enn for den vanlege arbeidstakar som har fri laurdag/ søndag. I NOU av 1990:13, side 383 heiter det bl.a.: "Dei folkevalde har imidlertid krav på dekning også av tap som ikkje lar seg legitimere, der desse er tilstrekkeleg synleggjort.". Jfr. her også KRD (Kommunal og Regionaldepartementet) sitt H-rundskriv nr. 13/1998, sak 96/8129.

Revisjonen har også registrert at det er framsett dekning av tapt arbeidsinntekt (dagsats, ulegitimert) for laurdag og søndag i samband med utanlandsreise. Kommunen har ikkje honorert dette, og viser til at ein ikkje har hatt praksis for dette. Slik krav er såleis avvist frå administrasjonen si side. Vi viser til at gjeldande godtgjerdslereglement ikkje omtaler dette.

I vårt brev av 06.09.10 til Ordføraren i Flora har vi signalisert at det er Flora kommune sjølv som i sine reglement må stille dei betingelsar som skal til for å definere kva som skal ligge i begrepet "tilstrekkeleg synleggjort", for at dekning av tapt arbeidsinntekt skal kome til anvendelse.

*Revisjonen sin merknad og anbefaling :*

- Med visning til ovanforståande er det revisjonen sitt spørsmål om praktiseringa av dekning av tapt arbeidsforteneste, ulegitimert sats, f.t. kr. 1.100,- pr. møtedag, vert praktisert i tråd med dei intensjonar og føresetnader som Flora Bystyre har lagt til grunn då gjeldande retningslinjer og satsar vart gjort vedtak om i Byst-sak 116/09 (sist endra frå 01.05.2009)

- ✓ *det er revisjonen si anbefaling at kommunen ser på korleis dette skal forståast og om gjeldande praksis er akseptabel og innafor reglementet som er gjeldande;*
  - *alternativt at dette vert presisert i eit ajourført reglement*

- ✓ *korleis meiner Flora kommune at begrepet "tilstrekkeleg synlggjort" skal forståast og praktiserast når det gjeld tilvising og utbetaling av dekning av ulegitimert tapt arbeidsinntekt til folkevalde*

## 4.2 Problemstilling 2:

### - Ad. Fast årleg styreleiargodtgjerdsle til styreleiar i kommunalt føretak :

**Flora kommune har organisert delar av si verksemd som *kommunale føretak*. Desse føretaka har eigne styrer med eigen styreleiar. Styreleiar har fast årleg godtgjering og får ikkje møtegodtgjerdsle for kvart møte, slik styremedlemmane og varamedlemmane får.**

Av vedtekter for føretak(a) går det fram følgjande:

> *(sitat):*
> *"Godtgjerdsle til styret vert fastsett av Flora Bystyre kvart år i samband med budsjettvedtak for foretaket."* *(sitat slutt)*

Ved kontroll av tilvisingsdata ser vi at styreleiar i kommunalt føretak får tilvist styreleiar-godtgjering som samsvarar med godtgjerdinga til leiar i faste utval og faste formannskaps-medlemmar; f.t. kr. 17.425,- pr. år. Dette går ikkje spesifikt fram av ordlyden i godtgjerdsle-reglementet for Flora kommune. Vi registrerer at det som vert praktisert, er at eit styre og ei styreleiargodtgjerdsle i eit kommunalt føretak blir betrakta som eit fast utval i kommunen, i høve den godtgjering som blir tilvist/utbetalt til medlemmane og styreleiar.

Vi viser her til Kommunelova sine paragrafar som definerer kva som er faste/obligatoriske utval i ein kommune. Dei obligatoriske utvala i ein kommune er Kommunestyret (KL § 6, i Flora Bystyret), Formannskap (KL. § 8), Kontrollutval (KL. § //, Administrasjonsutval (KL. § 25), og Arbeidsmiljøutval. Reglementet til Flora kommune meiner, etter vår oppfatning, kva som er å betrakte som faste utval innafor Flora kommune (Bystyret) sitt virke.

Ved kontroll av budsjett og rekneskap ser ein at møtegodtgjersler er budsjettert samla på utgiftsart 1080 *'Godtgjerdsle folkevalde'*. Budsjett og rekneskap vert vedteke, fastsett og god-kjent av Flora Bystyre.

Dette er revisjonen si oppfatning at dersom ikkje noko anna er vedteke, så skal godtgjeringar til dei folkevalde i styra i dei kommunale føretaka vere forankra i det godtgjerdsleregulativ som er vedteke av Flora Bystyre (sist regulert i Byst-sak 116/09). Det skal der vere vedteke reglar for møtegodtgjerdsle og dekning av tapt arbeidsinntekt. Den som har fast årleg leiargodtgjerdsle får *ikkje* møtegodtgjerdsle for kvart møte i tillegg; jfr. det som går fram av sak 116/09, og som er opplista ovanfor under punkt 2.2.

*Revisjonen sin merknad og anbefaling :*

☞ *Det kan frå styreleiar si side vere framsett krav om dekning av tapt arbeidsinntekt, time for time ut frå opplisting av medgått tid til ulike oppgåver/møter, henvist til dato og antal timer pr. dag. Det er rekna 'dokumentert timesats, framlagt frå vedkomande sin arbeidsgjevar' pr. time, med henvisning til 'stadfesta løn' for vedkomande person i det selskap vedkomande er tilsett. I tillegg er det tilvist fast årleg styreleiargodt-gjerdsle i tråd med godtgjerdsleregulativ vedteke av Flora Bystyre i sak 116/09, nemnt ovanfor.*

- ✓ *tidsbruk i timeliste refererer seg til styremøter, budsjettarbeid og anna møteverksemd relatert til det kommunale føretaket – tilvist separat/i tillegg*

⇘ *Revisjonen sitt spørsmål er om dette er heimla i gjeldande godtgjerdsleregulativ for folkevalde i Flora kommune, eller om det ligg føre særskilt avtale for slik godtgjerdsle til 'arbeidande styreleiar'? Jfr. her det vi tok opp i eigen revisjonsrapport overfor eitt kommunalt føretak, dagsett 15.05.2010. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort noko med, eller at det er forankra eller omtala i det godtgjerdsleregulativ som er vedteke av Flora Bystyre.*

*Revisjonen stiller spørsmål kring kva som skal inngå i den faste årlege styreleiar-godtgjerdsla og kva skal det kunne sendast timelister på for utøvinga av styre-leiarvervet sitt, utanom ordinær møteaktivitet i Styret ?*

*Reglementet set satsar pr. møtedag, legitimert og ulegitimerte satsar, men seier ikkje noko om time for time. Kva inngår i styreleiarfunksjonen når det gjeld ordinære styremøter og andre møter/oppgåver som relaterer seg til styreleiarvervet ?*

✓ *det er revisjonen si anbefaling at kommunen ser på korleis dette skal forståast og om gjeldande praksis er akseptabel og innafor reglementet som er gjeldande;*
   *- alternativt at dette vert presisert i eit ajourført reglement*

### *5 Sluttord, vidare handsaming:*

Denne rapport vart utsendt/oversendt som førebels rapport til rådmann og ordførar den 01.12.2010, med svarfrist 13.12.2010. Med heimel i § 5 i Offentleglova /(utsett offentleg-gjering) har ein valgt å halde saka som har vore under arbeid, unnateke offentlegheit, inntil endeleg rapportering til kontrollutvalet ligg føre.

Føremålet med å oversende ein førebels revisjonsrapport til politisk og administrativ leiing, har vore å få rydda unna feil, manglar og eventuelle mistydingar som måtte vere i det utkast som først var utarbeidd frå revisjonen si side. Vi konstaterer at det frå rådmann og ordførar si side ikkje er peika på feil eller manglar i rapporten i forhold til det som låg føre i førebels rapport. Førebels rapport av 01.12.2010 er såleis identisk med den endelege rapport som no ligg føre.

Det ligg føre tilbakemelding pr. e-post frå ordføraren den 06.12.2010. Både ordførar og rådmann sluttar seg til at rapporten vert oversendt Kontrollutvalet for vidare handsaming., på vegne av ordførar og rådmann, der det ikkje er gjeve merknader til innhaldet. Tilbakemeldinga frå ordførar i e-post 06.12.2010, følgjer med som vedlegg.

I det vi viser til innhaldet i rapporteringa ovanfor, vert revisjonsrapporten oversendt til Flora kommune sitt Kontrollutval for vidare handsaming.

Florø den 8. desember 2010

Sogn og Sunnfjord
Postboks 187, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

**Vedlegg:**
*E-post av 01.12.10 frå KRYSS Revisjon til rådmann/ordførar*
*Svar i e-post av 06.12.10 frå ordførar*

***Kopi: Rådmannen***
***Ordføraren***